

Vår dato: 19.08.2015
 Dykkar dato: 07.05.2015
 Vår ref: 1275485-1-1
 Dykk ref: 201300041-5, 200804661-8, 200900564-12,
 201203357-7

NVE
 Konsesjonsavdelinga
 Postboks 5091 Majorstua
 0301 Oslo

e-post: nve@nve.no

HØYRINGSFRÅSEGN TIL KONSESJONSSØKNADER FOR 4 KRAFTVERK I EID OG BREMANGER KOMMUNAR.

Vi viser til motteke brev av 05.07.2015, vedk. ovanfor nemnde sak.

SFE Nett har følgjande kommentarar til søknadane:

Eid kommune

Konsesjonssøkte kraftverk under Eid transformatorstasjon i Eid kommune er Klovelva kraftverk (2,9 MW) og Stårheim kraftverk (3,8MW).

R-nett

Eid tilhører 66kV R-nett under Leivdal transformatorstasjon, som i dag er eit sentralnettpunkt. I Leivdal vil det være tilstrekkeleg kapasitet til konsesjonsgjeven produksjon, men samla konsesjonssøkt produksjonsmengde overstig ledig kapasitet i dagens nett og det må setjast i verk tiltak for å auke transformeringskapasiteten eller eventuelt avlaste transformatoren i Leivdal dersom alle konsesjonssøkte kraftverk skal realiserast. Dette er under utgreiing. Transformatorstasjonen på Eid har installert 2x15MVA 66/22kV transformatorar. Her er god kapasitet til planlagd ny produksjon

D-nett

Basert på konsesjonsgitte kraftverk og føreliggande konsesjonssøknader for nye kraftverk er det blitt utført ei nettforsterking av 22 kV nettet under Eid transformatorstasjon. Med den utførde nettforsterkinga frå Skårhaug til Jølet vil nettet frå Eid og ut mot Hjelmelandsdalen og Kjølsdalen, ha nødvendig kapasitet for konsesjonsgjeven- og konsesjonssøkt produksjon, men særleg for Stårheim kraftverk må det stillast særskilte krav for at dette kraftverket skal vere dynamisk og transient stabilt.

Anleggstilskot

Basert på den investeringa i forsterka nett som allereie er utført, er det gjort ei fordeling av anleggstilskot mellom realiserte og mogelege kraftverk som vert tilknytt på den aktuelle 22 kV linja. Anleggstilskot er foreløpig stipulert til 1,34 mill kr for Klovelva kraftverk og 1,76 mill kr for Stårheim kraftverk. SFE Nett dekkjer kostnader tilsvarende noverdien av det ein sparer i framtidige reinvesteringar.

Anleggstilskot vil bli krevd inn når det skal etablerast nett-tilknytingsavtalar for nye kraftverk.

Kraftfull og nyskapande med lokale røter

Sogn og Fjordane Energi AS

Bukta, 6823 Sandane
 Telefon: 57 88 47 00
 Telefaks: 57 88 47 01
 Org. nr.: 984 882 092
 E-post: post@sfe.no

SFE Kraft AS

Bukta, 6823 Sandane
 Telefon: 57 88 47 00
 Telefaks: 57 88 47 01
 Org. nr.: 984 882 076
 E-post: post@sfe.no

SFE Nett AS

Bukta, 6823 Sandane
 Besøksadr. Hamregata 1, Florø
 Telefon: 57 74 61 00
 Telefaks: 57 74 61 01
 Org. nr.: 984 882 114
 E-post: post@sfe.no

SFE Produksjon AS

Bukta, 6823 Sandane
 Telefon: 57 88 47 00
 Telefaks: 57 88 47 01
 Org. nr.: 984 882 106
 E-post: post@sfe.no

Kraftverkseigarane vil sjølve vere ansvarleg for avgreiningar frå eksisterande nett og fram til nye kraftverk. SFE Nett tilbyr ofte å bygge slike anlegg på kommersielle vilkår i medhald av eigen områdekonsesjon.

Bremanger kommune

Konsesjonssøkte kraftverk i Bremanger kommune er Sigdestad kraftverk (9,0 MW) og Elde kraftverk (1,2 MW).

R-nett og D-nett

Sigdestad kraftverk er tenkt knytt til ny Ålfoten transformatorstasjon, som er under bygging, med 25MVA 132/22kV transformering. Stasjonen vert samlokalisert med Statnett sin transformatorstasjon 420/132 kV.

Her vil være tilstrekkeleg kapasitet for planlagd ny produksjon. Det vert lagt kabel ut til eksisterande 22kV leidningsnett.

Sigdestad kraftverk vil i tillegg utløyse behov for ny leidning/kabel frå kraftverket og fram til nytt stasjonsanlegg i Ålfoten (Myklebustdalen). Det kan vere aktuelt å samordne dette med trasé for røyrgate dersom kraftverket skal realiseraast.

Innleiande kalkyle for Sigdestad kraftverk for gjev ein investeringskostnad på 13Mkr, med eit frådrag på 7 Mkr for spart framtidig reinvestering.

Elde kraftverk kan tilknytast dagens nett mot Rugsund utan særkilde tiltak dersom ingen andre kraftverk blir knytt til den same radialen, men det er ein føresetnad at ny transformatorstasjon i Ålfoten er ferdig (132/22 kV transformering i ny 420kV stasjon)

Anleggstilskot for Sigdestad kraftverk

Kakyle av nødvendigvendig nettforsterking vert utført når kraftverket får konsesjon. Anleggstilskot vert då berekna. Etterkalkulering av anleggstilskot vert gjort når nettforsterkinga er utført. Når det elles gjeld anleggstilskot viser vi til tilsvarande som er nemnt for kraftverk i Eid kommune.

Vi vonar at vi hermed har fått belyst nettsituasjonen for dei konsesjonssøkte kraftverka i Eid og Bremanger kommunar. Dersom De har spørsmål eller kommentarar til høyringsfråsegna, kan De ta kontakt med SFE Nett.

Med helsing

SFE Nett AS



Reidar Hope

Seniorrådgjevar